



Nynorsk kultursentrum

Ein meister frå Volda

Om historikaren og strategen Jostein Nerbøvik



Roger Erlandsen

© 2018 Roger Erlandsen

Framsida

Roger Erlandsen under talen 28.9.2018. Foto Svein Olav Humberst / Nynorsk kultursentrum

Tale ved 25-årsjubileet for Nynorsk kultursentrum i Ivar Aasen-tunet 28.9.2018. Talen «Nynorsk kultursentrum – ideen som blei stor» av Grete Riise kan lesast som eit framhald.

Publisert på Nynorsk.no, Aasentunet.no, Haugesenteret.no, Vinjesenteret.no og Allkunne.no
7. november 2018

Vyrde festlyd!

HER ER VI SAMLA for å feire 25-årsjubileet – allereie! – i nynorskens storstove. Sjølve episenteret, kraftsenteret, ikkje berre for nynorsken, eit skriftspråk, men òg ein viktig kulturarvinstitusjon som ivaretek lange liner i norsk historie, og som med det utgangspunktet kjem med tunge og viktig innspel i dagens samfunnsdebatt, slik ein moderne kulturinstitusjon skal gjere!

Mange, ja, svært mange har bidratt til å verkeleggjere dette bygget, denne moderne institusjonen; frå dei som i si tid la grunnlaget, til dei som utvikla tankane om kva slags institusjon det skulle bli, til dei som losa saka gjennom det politiske og økonomiske systemet, til dei som utforma dei konkrete planane, til dei som verkeleggjorde det organisatorisk, til dei som bygde bygget, til dei som har fylt og stendig fyller det med spanande innhald både fysisk og med tankar, ord og gjerningar.

Talknusaren Ottar Grepstad har rekna ut at berre dei to første åra, det vil seie. 1990–91, var godt over 80 personar direkte involvert, og til og med 2018 hadde 270 lønte medarbeidarar utført nærare 300 årsverk! Eg har fått fortalt at det må meir enn tusen menneske til for å kunne utvikle ein institusjon som Nynorsk kultursentrum.

Då Ottar først spurde meg om eg ville halde eit innlegg her i dag, var utgangspunktet at han ynskte å heidre den som hausten 1990 tok initiativet til Ivar Aasentunet og leidde arbeidet det meste av tida fram til opninga i 2000, Jostein Nerbøvik. Eg ønsker ikkje å gjere det berre på festtalarvis, men ved å sette arbeidet hans inn i ein samanheng, plassere det i rom og tid, vise tildriv og handlingsalternativ, tvil og tru og korleis arbeidet samla opp i seg tendensar i tida. Alt føresetnader for at det kunne lukkast og føre til eit så lukkeleg resultat. Generelt er det – diverre – mitt inntrykk at dei fleste prosjekt berre renn ut i sanden.

Det er rart å tenke på at for nøyaktig 200 år sidan sprang ein liten fem år gamal gut rundt på desse bøane, han hadde nyss hatt bursdag 5. august, namnet hans var Iver Andreas Aasen.

Eg kunne ha snakka mykje om kva Ivar Aasen seinare dreiv med, kva han stod for, og kvifor han fekk den velfortente heideren som denne institusjonen er, men det skal eg ikkje!

Berre nemne at han som vaksen takka nei til ei fast professorstilling, i staden vart han statsstipendiat med same professorløn, ikkje lita i dei dagar (!), at samtida såg på han som så viktig at det offisielle Norge tildelte han St. Olavs orden i 1873, og at han sjølv var ein så moderne mann som ein kunne vere på den tida, følgde ivrig med i alle nyvinningar i tida innanfor både vitenskap og andre samfunnsovringar. I tillegg gjekk han mykje (!), var sosial og snakka med mange folk (!). Sjølv om mange, og spesielt Ottar, har gjort mykje for å korrigere bildet av han som gamal og trist, sit det inntrykket nok diverre att hjå mange. Nei, han var ei uvanleg stor kraft!

Nok no om Ivar!

Dei to første musea

Då Ivar Aasen døydde 23. september 1896, vart han gravlagt på Vår Frelsers gravlund i Kristiania (synste delen), gravplassen til så mange kjende nordmenn. Dødsbuet hans – 25 kolli – vart sendt heimover, der det første museet – eit lite stovehus flytt frå Heltne i Volda – var på plass allereie året etter. Etter initiativ frå Anders Vassbotn vart det snøgt reist ein minnestein like ved huset.

Åsen-tunet har vore ein mykje brukt stemneplass. Allereie ungdomsstemnet sommaren 1898 samla om lag 4000 menneske. Ved 100-årsfeiringa av Ivar Aasen sin fødsel skal om lag 8000 menneske ha vore til stades. Det må ha vore svært så folksamt!

På 1930-talet vart det arbeidd for eit nytt eldfast museumsbygg. Diskusjonane gjekk, nokre meinte til og med at museet burde flyttast til Sunnmøre museum i Borgundgavlen. Stortinget løyvde 10 000 kroner i mars 1940. Den 4. august 1946 vart det nye museet innvigd, og eit styre oppnemnt av Kyrkje- og undervisningsdeparte-

mentet, Ørsta kommune og familien kom seinare på plass. Ingen ringare enn Karl Straume vart første styreleiaren (1956–66), Jens Kåre Engeset overtok deretter (1966–2000). 34 år som museumsstyreleiar må då vere norsk rekord!

Museet var med dette trygt plassert i det norske nasjonale museumslandskapet, av eldre type.

I 1990 stod ei ny tid for døra. Alle var vel samde om at det gamle museet ikkje var tidhøveleg. Det mangla det meste og var ein leivning frå ei anna tid.

Som de forstår, kunne eg – som museumsmann – ha snakka i lengda om dette, men det skal eg ikkje! (For no har eg lagt dei egga eg skal ta opp att seinare.)

Det eg skal snakke om, er som nemnt dei – og spesielt den – som stod i brodden for arbeidet med å reise dette huset, denne institusjonen, nemleg sambygdingen, historikaren og strategen Jostein Nerbøvik.

Først kortversjonen

Jostein Kjell Nerbøvik vart fødd i Volda 10. juli 1938 i ei fotograffamilie; både far og farfar var fotografar, og døydde i Oslo 18. mars 2004. Han tok historie hovudfag ved Universitetet i Oslo og vart cand.philol. i 1967 med hovudoppgåva *Anti-parlamentariske straumdrag i Noreg 1905–1914. Ein studie i motvilje*. (Oslo 1969), var vit. ass. same staden 1967–69, lektor ved Nordens folkhøgskola, Biskops-Arnö 1969–71, høgskulelektor og førsteamanuensis ved Telemark distriktshøgskule frå 1973, kom heim til Volda i 1982 som førsteamanuensis ved Møre og Romsdal distriktshøgskule, doktorerte i Trondheim 1993 og vart professor dr.philos. ved Høgskulen i Volda same året. Det er kortversjonen.

Litt om han som historikar

Doktoravhandlinga *Bønder i kamp. Bygdefolkets krisehjelp 1925–35* (Oslo 1991) hadde han starta å arbeide med 20 år tidlegare som lærar ved DH-skulen i Bø, og som han – sterkt oppmoda om å gjere ferdig av blant andre nestoren i historikarfaget, sjølvaste Jens Arup Seip – vart gjort ferdig i ein raptus 1990–91. Nærsamfunnet og

lokalhistorie stod i sentrum og fall for hans del saman med ei allment sterkare orientering mot lokalhistorie. Prosjektet hadde imidlertid i stor grad turka inn, innanfråperspektivet gjorde at det forvittra i detaljar. Etter at han kom til Volda, losna det. Avstanden og utsynet frå Volda og Vestlandet var det som skulle til! I forordet til denne boka kan vi følge korleis han kjempa med materialet i alle desse åra, korleis det låg der og gnog ved sida av anna arbeid, og korleis han arbeidde seg fram til ei klar forståing av tema slik at det kunne ende som ei doktoravhandling.

Jostein skreiv langt over hundre artiklar og foredrag i radio, aviser, tidsskrift, årbøker, var redaktør for årbøker, blant anna *Voldaminne* (1982–96), og med i redaksjonen av tidsskrift. Meir politisk var han medlem av redaksjonen for *Liberalt Perspektiv* 1962–64 og redaktør saman med ikkje ukjende Ottar! av *Venstres hundre år* (Oslo 1984).

Og slik kunne eg ha fortsett ...

Kort: Han gav alt i alt ut 21 bøker på til saman 5361 sider.

Saksopplysning: Eg tek dei fire binda av Volda-soga han arbeidde med frå kring 1990 til få dagar, ja, timar før han døydde 18. mars 2004, mot slutten av foredraget.

Verknadshistorie

Mange har skrive mykje, men det som utmerkar Jostein, var den store verknads-historia han har hatt.

Boka hans *Norsk historie 1870–1905* kom ut i 1973 som andre bandet i Samlagets seie om nyare norsk historie. Første bandet var skrive av Arne Bergsgård, dekte tidsrommet 1814–1880 og kom ut i 1964. Siste bandet, skrive av Berge Furre, dekte tidsrommet 1905–1940 og kom ut i 1971.

Dette var standard pensum på historie grunnfag ved universitet i Norge i alle fall i ein generasjon. Eg hadde dei sjølv som pensumlitteratur. Det er talande at 2. opplag kom allereie i 1976. Den 2. nyskrivne utgåva kom i 1986, no også illustrert med meg som bilderedaktør saman med Kåre Olsen. Som om ikkje det var nok, kom

den tredje nyskrivne utgåva i 1999. Alle tre utgåvene tek opp i seg ny eigen og andre si forskning og er skrivne ut frå tanken om at historieskriving er dynamisk og aldri kan vere noko anna enn ein status for kor langt ein har kome på eit gitt tidspunkt.

Det blir sagt om Jostein at han lærte ein heil generasjon studentar historia om demokratiseringa av Norge på 1800-talet. Dette er berre halve sanninga. Desse studentane vart nemleg lærarar i historie på alle plan, frå ungdomsskule via gymnas/vidaregåande til høgskular og universitet. I praksis vart såleis Jostein sitt syn på perioden dominerande, og det synet som seinare forskning brynte seg mot.

Vi kan kort seie at han som forfattar var ein av dei fremste sakprosaforfattarane på nynorsk på 1900-talet, med ein særmerkt stil og eit uvanleg rikt ordtilfang.

Arbeidet med Ivar Aasen-tunet

Allkunne skriv kortversjonen av dette: «Hausten 1990 tok han initiativet til Ivar Aasen-tunet, og han leidde dette arbeidet det meste av tida fram til opninga i 2000. Undervegs drog han store vekslar på sine innsikter som historikar innanfor demokrati, manøvrering og handlekraft.»

I det følgande skal eg sjå nærare på dette.

Men først tenkte eg vi skulle heve blikket litt.

Om makt

Det vert sagt at makt djupast sett er å lage fortellingar om korleis verkelegheita er, og så skaffe legitimitet og konsensus om desse fortellingane. Kven kan sette seg opp mot verkelegheita! I og med at verkelegheita stendig er i forandring, må fortellinga om den også stendig endrast. Når den gamle fortellinga slår sprekker, ikkje lenger dekker og røyndomen tyt fram (!), må fortellinga endrast og/eller justerast.

Eit kulturminne er eit fysisk objekt som samfunnet ser – og har sett – på som så viktig og konstituerande at alle må lære om det, jamfør maktdefinisjonen.

Om kulturarvinstitusjonar

Kulturarvinstitusjonane er viktige verkemiddel for å ivareta den historiske dimensjonen i samfunnsutviklinga. Det vil seie å administrere utvikling. Identitet og følelse av kontinuitet og forutsigbarheit i utviklinga er viktig for eit stabilt samfunn. Det er ikkje tilfeldig at alskens ekstremistar går laus på museum og kulturarven.

Starten

1) *Ei testamentarisk gåve*

Kulturforskaren Reidar Djupedal som mellom anna hadde gitt ut den makelause, kommenterte utgåva av Ivar Aasens dagbøker, døydde olsokhelga 1989. Han testamenterte heile den store boksamlinga si til Ivar Aasen-museet. For å få plass til samlinga fekk styret alt i november 1989 utarbeidd teikningar og planar for ei utviding av Steinhuset. Men Norsk kulturråd av slo søknaden.

2) *Eit besøk*

Theo Koritzinsky, som då var leiar for kyrkje- og undervisningskomiteen i Stortinget og såleis ein mektig mann, besøkte Ivar Aasen-museet sommaren 1990. Til no har besøket vorte dagsett til 9. september. Eg kan no som aktør fortelle den sanne historia om dette besøket! Datoen var fredag 27. juli. (Noko som også framgår av gjesteboka for museet.)

Grunnen til at eg kan seie det så sikkert, er at eg treffe han då. Saka var den at vi var i Volda på vårt årlege sommaropphald og var nett den kvelden inviterte til selskap hjå bildekunstnaren Astri Eidseth Rygh og mannen Hogne. Det var også filmskaparen Klara Sundt – som var ven med fleire i selskapet – og dermed vart også Theo Koritzinsky som ho reiste saman med, sjølv sagt invitert med.

Eg hugsar at dei kom noko seint og umiddelbart fortalde om det skuffande besøket på museet. Eg meiner dei også hadde freista å besøke Sivert Aarflot-museet, men at det var stengt. Dette førte sjølv sagt til ein livleg diskusjon, dei hadde jo kome til eit selskap av nynorskingar. Alle var samde om at museet ikkje var på høg

verken med tida eller betydninga til Ivar Aasen og hans verk. Eg hugsar spesielt at boka *Nynorsk av hjartans lyst* (1985) vart framheva som noko som treffe den tonen eit moderne Ivar Aasen- museum burde ha. Det eg *ikkje* hugsar, er om eg fortalde om dette besøket til mellom andre Jostein.

Nasjonen hadde 12. september 1990 eit oppslag: «Standarden på mange norske museer er for dårlig, mener Theo Koritzinsky, leder for kirke- og undervisningskomiteen i Stortinget. Koritzinsky har i sommer besøkt 20–30 museer i Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag. [...] Koritzinsky sier han ble spesielt skuffet over Ivar Aasen-museet i Ørsta, uten at det må ses som noen anklage mot de som driver det. – Museet har ikke faste åpningstider og er vanskelig å finne. Det viser flere av Aasens eiendeler og hans personlige livsløp. Men sier altfor lite om Aasens livsverk, som har betydd så mye for vår skriftkultur.»

Styreleiar Jens Kåre Engeset svara 18. september 1990 at han ikkje visste om besøket, gjorde greie for rammevilkåra for museet og fortsette: «Eg har no i eit år streva overfor off. instansar for å få midlar til utviding av museet med sikte på å gjere det til eit lite senter for nynorsk språk og kultur.»

Koritzinsky ringde Engeset og sa at han ville ta initiativ til å gjere Aasen-museet til eit nasjonalt museum og byggast ut til noko mykje meir og større. «Ivar Aasen-museet er eit nasjonalt ansvar», gjentok han til Møre-Nytt 3. november 1990: «Eit Ivar Aasen-museum bør stillast på line med Munch-museet, som eit prov på norsk kulturreising.» Koritzinsky ville i første omgang få til ein merknad frå kyrkje- og undervisningskomiteen i statsbudsjettet for 1991. «Eg tenkjer meg noko veldig stort», la han til og vona at utbygginga kunne vere realisert på eit par år.

Tre karar tok opp hansken

«Ideen hans har så mykje for seg at mange her i Volda/Ørsta synest at dei burde ha kome på han sjølv, for lenge sidan», skreiv Ola E. Bø til Noregs Mållag 8. januar 1991. Bø hadde vore leiar i Noregs Mållag 1984–86 og mellom anna vore med og bygt opp NRK P2 i Trondheim. No arbeidde han på mediefag ved distriktshøgskulen i Volda.

Hausten 1990 var språk- og litteraturforskeren Arne Apelseth ein annan innflyttar til Volda. Porteføljen hans var ei ambisiøs hovudoppgåve om *Tildriv og føresetnad for Ivar Aasen. Eit mentalitets-historisk riss av Sunnmøre 1736–1836* (1989). Bygdebyen Volda var ikkje så intellektuell og nynorsk som han hadde trudd.

Og så Jostein Nerbøvik sjølv sagt.

Utover hausten 1990 møttest denne trioen på utestaden Porse i Volda kvar torsdag i sjutida. Der stilte Nerbøvik med notatbok og styrte ordet. Etter eit par timar gjekk han, og tankane fór vide omkring i jamførande vendingar. «Det tok jo av», sa Apelseth og Bø seinare.

Måndag kl. 19.00

Avisoppslaget i Møre-Nytt laurdag 3. november var lunsjtema ved eit bord i kantina på distriktshøgskulen i Volda måndagen etterpå. Der sat Nerbøvik saman med Apelseth og Bø. «Ja vel, så gjer vi noko med det!» sa Jostein.

Få dagar seinare bad han Harald Hansejordet invitere til eit første møte på avdelingskontoret til Samlaget i Hamnegata 3 i Volda tysdag 13. november kl. 14.00. For fleire var det om å gjere at møta framover blei haldne på slik nøytral grunn. På det møtet vart det sett ned ei nemnd som fekk i oppgåve å utarbeide eit *notat*.

«For den som ikkje veit kva hamn han skal til, er ingen vind gunstig», sa den romerske statsmannen Seneca d.y. Skal ein treffe blink, må ein vite kvar blinken er! For å omskrive Aristoteles: Skal ein nå målet, må ein vite kvar det er. Eller konkret: Kva slags institusjon skal ein skape! Det var det store spørsmålet Jostein og hans kumpanar måtte stille seg.

Allereie i Jostein sin første disposisjon til dette notatet, dagsett 19. november, under overskrifta «Fortid – Samtid – Framtid», finn vi dei fleste elementa i det som seinare skulle bli realisert. Eit nasjonalmuseum i eit tidhøveleg bygg som skal synleggjere den nynorske kulturtradisjonen i vid tyding, ein samnemnar som skal «kaste lys over dei delmusea som syner mannen og verket, tradisjon og byggeskikk

(!!!)», og ein institusjonen som skulle vere «møtestaden og samanfallet mellom dei tre komponentane; kulturisme og marknadsføring, Museum og Institutt & vitskap».

Allereie torsdag 22. – tre dagar seinare! – vart det første notatet, skrive av Jostein og Arne Apelsest, sendt ut som sakspapir. Her dukka nemninga «opplevings- og dokumentasjonssentrum» opp. Ei nemning som seinare skulle bli eit mantra innanfor kultursektoren og kulminere i *Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000)*, den såkalla ABM-meldinga. (ABM står for Arkiv, Bibliotek og Museum.)

I Josteins neste notat datert 29. november dukka tanken om å «få nynorsken i hus» opp.

Den såkalla Samlags-gruppa, der Jens Kåre Engeset òg var med (!), arbeidde altså fort. Eit nesten sjølvoppnemnt arbeidsutval møttest på forlagskontoret i Hamnegata 3 kvar måndag kl. 19.00; heile gruppa møttest tre gonger før jul. Det eine notatet tok det andre, problemnotat blei til programnotat.

Den store ideen kravde formalisering og organisering for å ha legitimitet, det hasta, i Stortinget var prosjektet alt omtalt i ein komitémerknad. Den indre krinsen skunda seg med å involvere eigne og andre institusjonar formelt. Jostein la stor vekt på å kunne representere ein nasjonal aktør, Samlaget.

Den 14. januar 1991 blei det skipa både eit hovudutval og eit arbeidsutval med Jostein som leiar for begge. Arbeidet med å lage eit programnotat gjekk no for fullt. Mange sette sine fingermerke på tankar og planar.

Det handla om å ville gjere noko, avklare kva dette «noko» skulle vere, og å etablere ein skotsikker argumentasjon for at dette «noko» var så viktig at det blei eit nasjonalt ansvar.

«Den nynorske kulturtradisjonen må gjerast meir synleg og heile tida vere ein framskoten og levande del av det offentlege medvitte. *Dersom tradisjonen ikkje er synleg, kan han heller ikkje formidlast*, heitte det i programnotatet til ein første nasjonal konferanse i februar 1991. Denne grunnsetninga gjekk att i mange samanhengar (jamfør det eg sa tidlegare om kulturminne og museum).

Utfordringa var ifølge programnotatet frå februar 1991: «Fram mot hundreårsskiftet vil landet vårt bli stilt overfor omfattande krav om tilpassing og tilnærming til eit stadig meir integrert Europa. Denne utfordringa handlar om noko langt meir enn ei økonomisk-administrativ justering til EFs indre marknad. Integrasjonsprosessen vil venteleg føre til ei omkalfatring av hevdvunne posisjonar og synsmåtar. Ei rekkje spørsmål melder seg: Kva verdiar og verdinormer skal prege det norske samfunnet i framtida?»

Svaret var at vi treng sterke kulturinstitusjonar om vi skal kunne møte desse utfordringane. No galdt det å bygge ein slik! Denne utfordringa får vi berre *ein* gong og det er *no*! Ikkje noko mindre!

Hovudutvalet støtta framlegget i programnotatet om at «Ivar Aasen-senteret skal kvile på *to grunnpilarar*: eit *Ivar Aasen-institutt i Volda*, knytt til forskning- og undervisningsmiljøet i regionen, med forskning, undervisning og publisering som hovudoppgåve, og eit *Ivar Aasen-hus, knytt til Ivar Aasen-museet i Ørsta*. Dette huset skal leggje hovudvekta på den publikumsretta aktiviteten og formidle viktige sider ved den nynorske skriftkulturen frå Aasens tid og fram til i dag.» Konferansen slutta seg til dette.

I parentes; i eit foredrag 1. februar året etter sa Jostein om denne doble løysinga at den er «sjølv styrken i planane våre; men samtidig må eg vedgå at det er litt av ein achilleshel. Mykje vil stå og falle med at vi klarer denne sameininga.»

Arrangørane av konferansen vinteren 1991 kunne gle seg over 50 deltakarar og at Kulturdepartementet var representert ved statssekretær Anne-Ma Tellefsen, ei erfaren dame som tidlegare mellom anna hadde arbeid med Historisk museum i Oslo. Ho lova at prosjektet ville bli omtalt i den kulturmeldinga departementet skulle legge fram til sommaren. Ordførarane i Ørsta og Volda lova å samarbeide om å få prosjektet realisert, og fylkeskommunen stilte med solid støtte som aldri vakla.

På tre korte månader var dei grunntankane utvikla som til slutt blei realisert.

Alt i alt var nærare 90 personar med i dei mange utvala og gruppene som arbeidde med Aasen-tunet denne første tida. Nesten alle var sunnmøringar, dei fleste med blikket festa langt utanfor stovedøra.

Forprosjektrapporten

Den 8. desember 1992 fekk statssekretærane Lene Løken (Kulturdepartementet) og Randi Øverland (Kyrkje-, undervisnings- og forskingsdepartementet) overlevert forprosjektrapporten *Ivar Aasen-senteret. Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur*. Den tettskrivne boka på 158 store sider blei så feira med 80 gjester på Det Norske Teatret.

Eit stort lag hadde halde på med dokumentet heile året. Prosjektleder Jon Låte, tidlegare leder i Noregs Mållag, leidde forprosjektet frå 1. mars. Med seg hadde han Arne Apelseth, Reidun Høydal og Vidar Myklebust. Oppdaterte manuskript om alskens emne kom frå nærmare 20 forfattarar. «Eit notat som *Ivar Aasen multimedialt* var avansert for si tid og forsterka preget av moderne samtid i strategien for den nye institusjonen», er dommen i ettertid. Som leder for det arbeidet synest eg det var kjekt at du skreiv det, Ottar!

Ny teknologi – datarevolusjonen

Professor Nicolas Negroponte, direktør på The Media Lab, MIT, skreiv i 1987 om «the Teeting rings» at eit felles overlappande rom for dei tre sirklane kringkasting & film, trykk & publisering, og dataindustrien, det vil seie det digitale rommet, utvider seg.

30 år seinare er det digitale fullstendig dominerande. Vi har enorme mengder informasjon tilgjengeleg i lomma!

Som vi alle opplever til dagen, har vi fått eit skilje mellom informasjon og kunnskap, og vi treng desperat det Negroponte kalla ein «knowledge navigator», ein *kunnskapsnavigator* som kan leie oss gjennom berga av redundant informasjon.

Nynorsk kultursentrum var tenkt å vere ein slik kunnskapsnavigator. Denne tanken var eksplisitt med frå byrjinga av arbeidet med senteret. I kapittel 4 i for-

prosjektrapporten er dette konkretisert så langt den eksisterande teknologien på den tida tillét.

Pønskarlaget

Pønskarlaget møttest på Håndverkeren i Oslo og fekk namnet frå det berømte gamle Pønskarlaget i Kristiania, eit samtalelag og uformelt nettverk for nynorsk intelligentsia, alle storingane var med der! Dette laget vart skipa hausten 1903 av student Johan Fredrik Voss. Seinare etablerte han Volda private millomskule og gymnas og var styrar der frå 1910 til 1917, men det er ei anna historie. Men: Hurra for dei som sørger for at Gamlegymnaset i Volda no stig som ein fugl fønix av oska! Makelaust flott blir det!

Det nye pønskarlaget, ei frittstående gruppe røynde nynorskingar i Oslo, møttest om lag ti gonger i perioden juli–desember 1992. Spesielt gildt var det når vi fekk besøk av leiar Jostein som kunne informere om siste utviklinga. Diskusjonane gjekk svært så livleg med innspel om strategi, taktikk og faktagrunnlag. Meldingane var klare: Heile senteret må vere i Hovdebygda, utstillinga må ikkje bli for museal, tenk på namn som Ivar Aasen-tunet og Nynorsk kultursenter, lag ei stifting!

1992 var eit møteår. Leiar Jostein Nerbøvik i arbeids- og hovudutvalet var med på 39 møte rundt om i landet, arbeidsutvalet hadde 20 møtedagar, og prosjektleiar for forprosjektet Jon Låte hadde 51 møte rundt om i landet.

Og her skal eg slutte gjennomgangen. Grete Rise vil ta oss vidare.

Den gordiske knuten

Eitt bilde sit fast i hovudet mitt. Det finn eg i eit notat Jostein skreiv 21. august 1996. *Friske tankar om ein gordisk knute*. Her skriv han:

«Dei siste par dagane har eg studert den første skissa til Sverre Fehn med stor interesse, supplert med faglege kommentarar /.../ Dette samanfallet set i gang ein tankeprosess om form og innhald, kostnader og kvadratmeter.

Med Fehn som arkitekt har eg aldri vore tvil om det katedrale, om eg kan seie det slik. Skissa stadfester dette til fulle. Det eg med mitt amatørauge verkeleg er forbløffa over, er fleksibiliteten i det monumentale. I går føremiddag, laurdag, var eg ein tur der borte i tunet for meg sjølv, med skissa i den eine handa og landskapet i den andre. Alt no verkar det opplagt at bygget vil bli både ein bodskap og ein attraksjon i seg sjølv. Det nasjonale perspektivet ligg allereie i estetikken, i arkitekturen.»

Der sat han altså på steinen sin ein laurdag føremiddag «med skissa i den eine handa og landskapet i den andre» og prøvde å forestille seg korleis bygget vart, og korleis eit problem i arealbruken kunne løysast. Typisk Jostein, spør du meg! Det seier noko om engasjement og løysingsvilje.

Han ordna informasjonen, kjende mange, styrte myndig kven som snakka med kven, handterte posisjonar og representasjon, våga å spørje mange til råds om det han ikkje visste og utvida feltet heller enn å avgrense det, han oppsummerte og staka ut vegen vidare. Viljen til å få det til dreiv han stendig vidare.

Arbeidet med Volda-soga 1800–1945

Dei fire banda av Volda-soga kom ut i tidsrommet 1996–2004. Første bandet *Krigsår og motstandsvilje 1940–45* kom ut i 1996. Harald Kjølås skreiv i si melding i Sunnmørsposten 16. november: «Med dette bandet om Volda si krigshistorie har truleg Jostein Nerbøvik levert den mest komplette lokale krigshistoria som nokon gong er gitt ut her i landet.»

Ein av nestorane i norsk historieforskning, professor Einar Niemi i Tromsø, skreiv i tidsskriftet *Heimen* nr. 2 1999 om det neste bandet, *Holmgang med havet 1838–1914*: «*Holmgang ved havet* er en storartet leseropplevelse, der ikke minst nettopp dristigheten i teser samt det helhetlige grep er inspirerende og imponerende.» Ikkje mindre!

Sjølvaste Rune Slagstad melde neste bandet *Løyndom og røyndom. To Volda-fotografar 1898–1979* (2001) i *Aftenposten* 10. februar 2002. Der skreiv han: «Det er et

makeløst historieverk Nerbøvik skjenker oss – originalt i sitt grep, i sin veksling mellom det tematisk og biografisk ordnede og det kronologiske, til dels i kombinasjon. Det forener den nitide kildegranskning med en elegant linjeføring og en markant fortellerstemme – Nerbøvik er en historiker som tør å si *jeg*.»

Sjølv vil eg legge til at det sentrale med denne boka er at den er eit innspel til kva kjelder er, kva dei *seier* noko om og kva dei *ikkje* seier noko om. Dermed handlar boka også om kva historieskriving er, og kva den kan vere. Til dette brukar Jostein dristig nok dei sjangrane som fanst innanfor fotografiet, bestemt av teknologi, yrkesutvikling, bildetradisjonar, det vil seie det som formar den lyskjegla fotografa kasta over Volda-samfunnet i perioden, derfor tittelen «Løyndom og røyndom». Noko vart opplyst, noko vart liggande i mørke. Det er etter mitt syn eit makelaust verk som framtida vil finne store verdiar i, og det seier eg ikkje berre fordi eg var ein slags utvida bilderedaktør for boka. Bilda etter faren og bestefaren er elles digitaliserte og bør no gjerast tilgjengelege på internett.

Om det siste bandet *Myndige møringar 1740–1870* (2004) skreiv Skjalg Longva i Møre-Nytt 22. april 2004: «*Myndige møringar* er eit storverk – ja, det kan godt kallast Nerbøvik sitt hovudarbeid.» Han har mykje rett i det. Hovudtemaet for boka er rett og slett sjølv forutsetninga for demokrati, den myndige borgaren. Demokratiet er som vi veit, ikkje primært eit spørsmål om fleirtal. Det føreset institusjonar og funksjonar og myndige borgarar som kan gjere opplyste val i sentrale samfunnsmessige spørsmål. Jostein etterrøkkjer i denne boka bakgrunnen for at dette voks fram nettopp her på Sunnmøre.

Og så hadde vi alle håpa på at Jostein skulle få fortsette denne lina og skrive boka om Rasmus Seinsvik, målmannen, samfunnsaktøren og redaktøren for Den 17de Mai, på eit tidspunkt den nest største avisa i Norge og ein viktig faktor i kampen for sjølvstende i 1905. Slik vart det diverre ikkje.

Legg berre merke til årstala her. Doktoravhandlinga vart i stor grad skriven i ein raptus 1990–91, han disputerte i 1993, boka *Nasjonsbygging og modernisering* (2000) på 310 sider inneheld artiklar og talar frå 1990-åra, og 3. utgåva av norgeshistoria

kom ut i 1999. Som om ikkje det var nok, forska og skreiv han på dei fire binda av Volda-soga. Alt dette medan han leia arbeidet med tunet.

I sum må ein nesten seie at dette var ein olympisk innsats også i idrettsleg tyding!

Avslutning

Nynorsk kultursentrum har vorte en berebjelke i det norske kulturlandskapet og ein viktig aktør i norsk offentlegheit! Punktum.

Den er den første og einaste reine ABM-institusjonen i Norge. Den fyller alle krava. Den er både eit arkiv, eit bibliotek og eit museum og i tillegg ein storleverandør til internett. Dessutan er den eit konsolidert museum, men konsolidert på den måten museum *ikkje* skulle konsoliderast, nemleg tematisk. Det var geografisk som galdt.

Så det er ein levande, ekspansiv institusjon på tvers vi snakkar om. Som gamal museumsmann vil eg berre seie: Og takk for det!

Om Jostein vil eg seie –

Kven skulle tru at den «gamle», langlema lærde professoren som kom skeivande oppover geila med veska i handa og alpehua på snei på veg til forelesingssalen, skulle ha slik teft og slike givnader både for det taktiske og strategiske politiske spelet. I teorien, ja, men også i praksis! Her overraska han mange. Som om ikkje det var nok, verka det som han hadde glede av det. Vi er temmeleg mange som har fått mailar som starta med «Gode ven!» og slutta med «Jostein helsar». Det som stod imellom, var oftast svært så poengtert og til å få forstand av.

I den lange adelsrekka av meistrar frå området glir Jostein Nerbøvik inn på linje med Hans Strøm, Aarflot-ane, Rasmus Steinsvik, Per Riste, Henrik Kårstad, Erling Kristvik og nokre til, og sidan vi aldri har tatt det så nøye med fødeplass her på Sunnmøre, får vi vel ta med Ottar òg!

Og her er vi altså i det makelause bygget i år 2018, på same staden der den vesle Ivar sprang rundt for 200 år sidan, der Jostein sat på steinen sin med meisterarkitekten Sverre Fehn sine teikningar i eine handa og «landskapet i den andre» og streva med å få syn for korleis det heile skulle bli. Og SLIK har det altså blitt!

Det er slike grundande leiarar vi vil ha, ikkje brautande testosteronbomber, med geipen på vidt gap og like gapne taler som twittermeldingar, men tenkande strategar som med klokskap og med samtida på pulsen fører samfunnet framover.